



MØTEBOK

Tidspunkt: Måndag 27.06.21
Stad: Grendahuset - kortutdeling

Til stades på møte: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Anne Marie G. Rabba, Håkon Småbrekke og Randi Legård

Saker til styremøtet

- Sak 35/21: Eventuelt/Informasjon hendinger frå førre møte
- Sak 36/20: Utleige av fjellstyrehytter i 2021
- Sak 37/21: Støtte til kulturarrangement i Eidfjord
- Sak 38/21: Utleige av Ulevåbotn

Me stadfester med dette våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Tor Helge Haara Tjemsland/s/ Andre Botnen/s/

Randi Legård/s/ Anne Marie G. Rabba/s/ Håkon Småbrekke/s/

Sak 35/20: Eventuelt/Informasjon hendingar frå førre møte

Saksdokument:

Saksutgreiing (THHT):

Ståvassvikja:

- Handverkar har kome med pristilbod som er akseptert av leiar. I henhold til mail-korrespondanse mellom fjellstyremedlemene, vart beiteleigar tilbydd gratis beite dei resterande 3 åra av kontrakten, mot at beiteleigar betaler handverkar direkte for renoveringa. Dette tilbodet har beiteleigar takka ja til.

Ninive:

- Taket er kome på plass. Fjellstyret får taket gratis av produsent, men må betala for helikoptertransporten. Dette er billigare enn kva taket ville kosta.
- Det er ein dugnadsgjeng inn no i helga å fullfører mykje av innarbeidet. Gjenstår ein del arbeid/opprydning. Spesielt ute.

Fiske:

- Det vart i all hast køyrt heim fiskegarn i vår. For effektivt prøvafiske, må ein i tillegg handle inn nokon ekstra garn, slik at ein får komplette garnseriar.
- Tor Helge har vore i kontakt med Hydro om sponing og hjelp til utsetjing av 100 stykk settefisk.

Rekruttering:

- Tor Helge har, etter dialog med skulen, søkt NFS om støtte til rekrutteringstiltak. Aktiviteten, «haustingsbasert friluftsliv» vart godkjent og tilkjent ei støtte på 12 000 kroner. Dette dekkjer ikkje alle utgiftene skulen vil ha med aktiviteten, som i fyrsteomgong vil vera pylsing av viltkjøt. Tor Helge har oppfordra skulen til å søkje andre lag og stiftingar i bygda om meir støtte, noko dei skal ta tak i til hausten.

Elg og hjortajakt:

- Ifbm CDW-tiltak har det vorte opna for elg og hjortajakt på statsallmenninga (jaktstart hjort 01.09 og jaktstart elg 25.09). Statsallmenninga vert underlagt Røldal Hjorteviltvald som eit eige jaktfelt. Då fjellstyret ikkje får tildelt egne kort, kjem det ikkje klart fram i forskrifta korleis ein skal organisere jakta. Ein ventar difor på avklaringar frå Miljødirektoratet angående dette før ein kan vedta korleis jakta skal organsierast.

Framlegg til vedtak:

- Beiteleigar i Ståvassvikja får gratis leige ut denne kontraktperioden (t.o.m. 2023) mot at beiteleigar betaler handverkar.
- Leiar får tillating til å handle inn 100 stk settefisk og det nødvendige antalet fiskegarn.



Referat:

Leiar gjekk gjennom punkta i sakshandsaminga. Det kom fram eit forslag om å tilby ein «dugnadsversjon» av familiefiskekortet også til 400 kroner.

Vedtak:

- Beiteleigar i Ståvassvikja får gratis leige ut denne kontraktperioden (t.o.m. 2023) mot at beiteleigar betaler handverkar.
- Leiar får tillating til å handle inn 100 stk settefisk og det nødvendige antalet fiskegarn.
- Fjellstyret tilbyr garnkortet for familiar i «dugnadsversjon» til 400 kroner.
- Etter innspel frå jegerane opnar ikkje fjellstyret for utvida jakt i oktober. Tor Helge skriv eit innspel til forvaltningsmyndigheitene med ein kommentar rundt dette, samt ein førespurnad med forslag og ynskjer for å gjere jakta, og prøvetakinga, meir effektiv.

Samrøystes.

Sak 36/20: Utleige av fjellstyrehytter i 2021**Saksdokument:****Saksutgreiing (THHT):**

Fjellstyret har i sak 24/20 gjort følgjande vedtak:

«Det vert intensjonen å skipe til eit allmannamøte når situasjonen tillet dette, tidlegast til hausten etter jakta. Fram til dette viderefører fjellstyret prinsippet om at det som hovudregel ikkje er mogleg å leige hyttene eksklusivt. Fjellstyret opnar i denne omgang for at utanbygdsbuande kan søkje, og få tillatelse til, å leige fjellstyrehyttene i særskilte tilfelle.»

Vidare vart det i på grunn av koronasituasjonen gjort følgjande vedtak i sak 45/20:

«Hyttene leigast ut etter søknad i sommarsesongen fram til 15 august. Fjellstyret tek ei ny vurdering før jakta på korleis bruken av hyttene skal vere i jakta.»

Hyttene var svært lite i bruk i fjor sommar. Ingen innanbygds nytta seg av moglegheita til å reservere hyttene. Om dette hadde samanheng med store snømengder eller endra utleigepraksis er vanskeleg å seie. Samanliknar ein bruken mot andre år, så er ikkje bruken i 2020 særleg mindre enn vanleg.

Det var nokon førespurnadar frå utanbygdsbuande, med tilknytning til bygda. Desse vart innvilga då det vart vurdert som «unødvendig» å avslå dette når hyttene likevel stod tomme. Noverande vedtak og praksis er noko problematisk å handheva, og fjellstyret bør forsøkje ut alternative løysingar.

Leiar ynskjer ikkje å drive kommersiell utleige av fjellstyrehyttene. Han ser likevel ikkje problemet med at utanbygdsbuande, «med særskilt tilknytning til bygda», bruker desse om dei likevel står tomme. Leiar er opptatt av at reglar og vedtak skal vera enkle å handheve, samt verte oppfatta som rettferdige. Formuleringar som opnar for tolking og skjønn bør unngås.



Fjellstyret må også ta innover seg at me har forskjellige bruksberettiga, med forskjellige «krav og behov». Ein må prøve å kome fram til løysningar som famnar flest mogleg.

I tillegg må også i denne sesongen ta høgde for koronasituasjonen. Ein må ha kontroll på kven som nyttar hyttene, med tanke på smittesporing og liknande, men også betaling!

Det er også ein noverande hytteregel som seier at utanbygdsbuande må vike plassen i hytta om det ikkje er plass til innanbygdsbuande. Dette er ein regel underteikna ikkje kan stå inne for. Ein må også vera klar over at reservasjon av hyttene krever mykje organisering og/eller oppfølging.

Framlegg til vedtak:

Alternativ 1:

Sommar 2021

Det vert mogleg, for innanbygdsbuande, å reservere fjellstyrehyttene i perioden 5. juli til 5. august. Søknadar om dette må vera inne hjå fjellstyret innan 5. juli. Det vert berre opna for eksklusiv utleige av ei hytte i Hedlevass om gongen. Den andre hytta vil vera open for «drop in» som vanleg.

Innanbygdsbuande kan, på vegne av utanbygdsbuande, kome med ein førespurnad til fjellstyre om leige av fjellstyrehyttene. Hyttene skal betalast på førehand av utanbygdsbuande.

Reinsjakt 2021

Innanbygdsbuande har fyrsterett til overnatting i hyttene etter reservasjon. Innanbygdsbuande må gjø tilbakemelding innan 1. august om dei ynskjer å nytta fjellstyrehyttene dei to fyrste vekene i jakta. Det vil også då vera mogleg å reservera Gamlabua eller Ninive andre tidspunkt i jakta. Eriksbu vert, etter 24. august, haldt eksklusiv for innanbygdsjegerar, då etter fyrste-mann-til-mølla-prinsippet.

Utanbygdsbuande kan søkje om overnatting i fjellstyrehyttene innan 1. august. Eventuelle overnattingar skal betalast på førehand. Om ledig overnattingsplass i Gamlabua eller Ninive, kan utanbygdsbuande kome med førespurnad om overnatting også seinare i jakta. Fjellstyret oppmodar utanbygdsbuande til å nytte turisthytta i Hedlevass.

xxxx tar på seg ansvaret for at organisering og oppfølging av dette vert gjort.

Alternativ 2:

Hyttene vert, i 2021, berre opne for innanbygdsbuande etter avtale. Hovudregelen er at alle som skal nytte hyttene gjev beskjed om dette i forkant til xxxxxx. Brukarane må motta ei stadfesting på at det er ledig plass i hytta før dei kan overnatte. Overnatting vert tildelt etter fyrste-mann-til-mølla-prinsippet. Om ein mellom 5. juli og 5. august reserverer halvparten av sengene i ei hytta, kan ein be om å leige heile hytta eksklusivt.

Innanbygdsbuande kan, på vegne av utanbygdsbuande, kome med ein førespurnad til fjellstyre om leige av fjellstyrehyttene. Hyttene skal betalast på førehand av utanbygdsbuande.

Alternativ 3:



Fjellstyrehyttene vert stengt i 2021 p.g.a. manglande rutiner for smittesporing

Referat:

Dei forskjellige problemstillingane rundt hytteutleige, og alternative løysingar vart diskutert. Fjellstyret har, med tanke på krav til smittesporing, og manglande etterleving av rutinar, store vanskar med å gjennomføre utleiga av hyttene.

Det kjem fram at det er ynskjeleg at fjellstyret likevel strekkjer seg langt for å tilby utleige til brukarane.

Vedtak:

Hytteutleige sommaren 2021 (i perioden 5. juli til 5. august):

Hyttene vert opne for utleige. Alle som ynskjer å bruke fjellstyrehyttene må varsle om fjellstyret om dette på førehand. Alle som overnattar i hyttene må skriva seg i protokollen (ei eiga bok, altså ikkje hytteboka). Det vert mogleg, for innanbygdsbuande, å be om å få leige fjellstyrehytter eksklusivt. Fjellstyret avgjer dette i kvart enkelt tilfelle. Det vert berre opna for eksklusiv utleige av ei hytte i Hedlevass om gongen. Tor Helge loggfører eventuell hytteutleige i sommar.

Innanbygdsbuande kan, på vegne av utanbygdsbuande, kome med ein førespurnad til fjellstyre om leige av fjellstyrehyttene. Hyttene skal betalast på førehand av utanbygdsbuande.

Reinsjakt 2021

Innanbygdsbuande har fyrsterett til overnatting i hyttene etter reservasjon. Innanbygdsbuande må gje tilbakemelding innan 1. august om dei ynskjer å nytta fjellstyrehyttene dei to fyrste vekene i jakta. Det vil også då vera mogleg å reservera Gamlabua eller Ninive andre tidspunkt i jakta.

Eriksbu vert, etter 24. august, haldt eksklusiv for innanbygdsjegerar, då etter fyrste-mann-til-mølla-prinsippet.

Utanbygdsbuande kan søkje om overnatting i fjellstyrehyttene innan 1. august. Eventuelle overnattingar skal betalast på førehand. Om ledig overnattingsplass i Gamlabua eller Ninive, kan utanbygdsbuande kome med førespurnad om overnatting også seinare i jakta. Fjellstyret oppmodar utanbygdsbuande til å nytte turisthytta i Hedlevass.

Randi organiserer hytteutleige i reinsjakta.

Samrøystes.

Sak 37/21: Støtte til kulturarrangement i Eidfjord

Saksdokument:

- 2021.05.28 Eidfjord Søknad om tilskot til kulturarrangement (373828)

Saksutgreiing:



I samband med at Hardangervidda nasjonalpark er 40 år, skal det vera eit jubileumsarrangement i Eidfjord. Fjellstyra er vorte bedde om å støtte dette, noko Eidfjord FS har tatt ansvar for. Viser elles til søknad motteken 28.05.2021.

Planen til Eidfjord FS er som følgjer:

«Fjellstyret meiner det er viktig å få formidla fjellstyra si rolle på Hardangervidda i form av å knyte dette til jubileumsmarkeringa. Dei opne dagane er planlagd med utandørs aktivitetar som vil gje dei besøkjande moglegheit til å prøva aktivitetar retta mot friluftsliv. Det å ta vare på og tilbereda fisk og vilt meiner fjellstyret er viktig å formidla kunnskap om. Konkret er det plan å visa tilbereding av fjellaure, molte og villrein. Her tenkjer fjellstyret at det skal engasjerast ein profesjonell kokk for tilbereding, men og å rettleia deltakarar til god og riktig handtering av fisk og vilt. Det vil og vert sertvert smaksprøvar av tilberedt mat. Fjellstyra vil stå for å skaffa råvarer til dette i form av fersk fjellaure og villrein.»

På Dyranut er planen at det gis eit tilbod for barn og unge ved Vesle Skiftesjøen til å prøva fiske. Vesle Skiftesjøen er privat vatn, fjellstyret har vore i kontakt med eigar om å få fritt stongfiske til arrangementet. Fiskeaktivitet er tenkt med klassesett innkjøpt til fjellstyra som kan brukast vidare i andre lokale arrangement i regi av fjellstyra. Det vert enkelt servering.»

Framlegg til vedtak:

Røldal Fjellstyre oppfordrar dei andre fjellstyra på Hardangervidda til å gå saman for å støtte jubileumsarrangementet organisert av Eidfjord FS. Røldal Fjellstyre støttar arrangementet med inntil kr 4000,-

Referat:

Kort gjennomgong av saka frå leiar.

Vedtak:

Røldal Fjellstyre oppfordrar dei andre fjellstyra på Hardangervidda til å gå saman for å støtte jubileumsarrangementet organisert av Eidfjord FS. Røldal Fjellstyre støttar arrangementet med inntil kr 4000,-

Samrøystes.

Sak 38/21: Utleige av Ulevåbotn

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Referat frå synfaring i Ulevåbotn den 24.06.21 kl. 17.00.

Ein gjekk gjennom bygningsmassen og fyljande vart nemnd:

Stølshuset



- Bislaget på stølen må vekk – snøfangar
- Må byta kledning, isolere, vindsperre, nye glas og ytterdør
- Byte alle trinn i trappa til 2. etasje
- Sjå litt på taket, noko vart byta då det vart sett inn ny isolerpipe.

Eldhuset

- Murane på begge langveggane held på å sige inn
- Store kostnader å reparere/ sette i stand
- Taket er delvis vekke, vil truleg rase/blese vekk med det fyrste. Kan verta trykt ned av snøen.
- Bør ikkje brukast slik som den er no!

Uthus

- Samstemde om å sette fyr på det
- Har sege ned mykje mot vatnet. For dårleg reisverk og avstiving

Fjøset

- Bør byta gavlane, elles OK

Utedo

- Heilt grei, berre småplukk

Veg og bruer

- Eigarforhaldet her er ikkje avklart. Førespurnad om dette er sendt Statskog. Det er naturleg av ansvaret for denne vegen føl leigetakar. Det er i den samanheng også sendt førespurnad om å stenge vegen.

Tankar frå Tor Helge:

Det er for underteikna viktig at dette vert ein ryddig og gjennomtenkt prosess. Framleis manglar noko informasjon som skulle vore på plass før avgjersla vert teken. Med tanke på leigetakarane så er det også gunstig å få overta stølshusa i byrjinga av sesongen. Tor Helge vurderer det ditt hen at me bør utsetje avgjersla til hausten.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret utset avgjersla om ny leigekontrakt til hausten. Nils Åge Sandal får tilbodet om å vera på stølen vederlagsfritt ut 2021, mot at Eldhuset vert sikra. Tak og anna skrot frå Eldhuset skal køyrast vekk. Uthuset skal også fjernast og tomte vølast til. Leigetakar heng opp skilt om ferdsel på eige ansvar på vegen.

Fjellstyresekretær ordnar det formelle med tanke på fjerning av bygningsmasse.

Referat:

Håkon gjekk kjapt gjennom befaringa. Det kom også fram at ein stein i grunnmuren på huset måtte på plass. Tor Helge informerer rundt usikkerheita rundt eigarforhaldet, og ansvaret, rundt vegen. Det vert fort klart at fjellstyret må få full oversikt over alle fakta før ein kan ta ei skikkeleg avgjersle. Forslag om å utsetje saka til hausten kjem opp. Eldhuset må sikrast så snart som råd.

Vedtak:



Ein utset avgjersla om ny leigekontrakt til hausten. Nils Åge Sandal vert tilbyd å få leige Ulevåbotn vederlagsfritt i 2021 mot at Eldhuset vert forsvarleg rydda og sikra. Leigetakar må også snarast setje opp eit skilt på vegen som åtvarar bilistane om at dei «køyrer på eige ansvar».

